

Planlegg arrangement på både sjø og land

I år opnar Kystsogevekene laurdag 4. august under den store veteranbåtfestivalen Fjordsteam i Bergen. Nytt av året vert ei offisiell avslutning under skutefesten 15. og 16. september i Rosendal i Kvinnherad kommune.

– I løpet av desse seks vekene vert det mange både små og store arrangement på både sjø og land. Bak

arrangementa står ei rekkje ulike aktørar, og for mange av desse er det no tid for å starta planlegginga av årets arrangement, seier dagleg leiar i Stiftinga Kystsogevekene, Kjell Magnus Økland.

For å koma med i årets program er innsendingsfristen 10. mai, og på www.kystsogevekene.no finst det eige registreringsskjema for

dette. Nettsida rommar også informasjon om korleis ein kan søkja om arrangementsstøtte frå Stiftinga Kystsogevekene, opplyser Økland.

– Ta gjerne kontakt om du har idear som kan bli til gode arrangement, oppfordrar han.



Minneord om Trygve Lande

Det kom nyleg melding om Trygve Lande sin bortgang, vel 83 år gammal.

Han vart fødd på Tysnes i Sunnhordland, og skal jordfestast der. Trygve budde i sitt vaksne liv i Bergen – dei seinare åra i Fana, og eg hadde gleda han. Han var etter måten ein smålåten kar. Han tedde seg stillsamt mellom vener, og me opplevde han som ein lun og roleg kar. I dialogar/samtalar synt han seg som ein god lyttar, og kom med innsiktsfulle innspel heile tida.

Det blei filologien som utdanningsveg ved Universitetet i Bergen, der han blei cand. mag. med mellom anna norsk og tysk i fagkrinsen. Med sitt nynorske dialektgrunnlag verka det ikkje merkeleg at Trygve si merksemd blei spesielt retta mot nynorske forfatarar, både dei nasjonale og regionale. Personleg nytta han begge målformer med like stor dugleik. Ved opphald i utlandet blei han interessert i nygresk, og han kunne ikkje motstå å læra dette språket, delvis hjelpt av ei gresk dame han blei kjend med.

Interessene hans var mangslungne, noko som hans stillingar spegla av som lærar, til dømes ved Storetveit skole. Den kjende bergenslektoren Reiso var hans onkel. Trygve fann også glede i å arbeide ved Fiskerimuseet i Bergen i periodar. Trygve sin yrkesbane var tydelegvis ikkje tufta på å gjera ei lysande karriere etter spesialisering, men valde å følgja sine spesielle interesser. Utanom arbeidet viste Trygve allmenn kulturinteresse, som også omfatta visuelle kunstformer.

Han debuterte sjølv i 1959 med romanen «Arthur Bredal», og seinare kom diktsamlinga «Mose», begge med gode bokmeldingar og utgjevne på Noregs Boklag. Trygve var medforfattar i ein antologi av/om Sunnhordlandsforfatarar (Eide, 2005). Hans største litterære innsats blei likevel tidsskriftet Asram. Namnet refererer til følgjande sitat av Arne Garborg, alltid trykt på den farga framsida. Det lyder: «Eg, Asram, skuklen, fylgde Herrens ord/eg vandra um i lande/og såg kva folk tok seg til...». Trygve sjølv skreiv prosainnlegg under nemninga «UTFOR», merka «framhald» frå num-

mer til nummer. Asram kom ut i fleire år med Trygve Lande som stiftar og ein sjølvskriven redaktør, og baud på mykje interessant stoff skrive av mellom anna universitetsfolk i Bergen, der han hadde gode kontaktar med ulike institutt og mottok rimelege så vel som gratis bidrag. Som tingar la eg spesielt merke til at religionshistorisk intistutt ved. prof. Karstein Hopland hadde mange forvitnelege artiklar i tidsskriftet. Eg merka meg også artiklar av lektor Gerda Mutter Erichsen – mellom anna prenta han størsteparten av mi litterærer hovudoppgåve (med fotnotar) om den engelske nobelprisvinnaren William Golding, med spesielt fokus på romanen «Pincher Martin», i Asram. Den ber tittelen: «From Rock Bottom to Eternity». Totalt sett var det litteraturen som dominerte med prosa, essays, dikt, bokmeldingar og litteraturkritikk frå tidlegare epokar opp til vår samtid, pluss artiklar om religion og samfunnstilhøve, m.m.

Alt i alt torer ein vel å påstå at Asram heldt eit høgt nivå. På grunn av stigande prentekostnader måtte det diverre etter kvart innstilla utgjevinga. Eit særmerke ved Asram var at nokre utgåver, særleg i byrjinga, vart utgjevne med doble, parallelle tekstar: norsk, særleg nynorsk, og nygresk! I tidsskriftet og andre organ hadde Trygve Lande høve til å briljera med sine kunnskaper, ikkje minst litterære slike. Han hadde særleg kjensle for Arne Garborg av dei nynorske diktarane, og sat inne med stor innsikt i og kunnskap om hans forfatterskap.

Hans ekteskap med Julija bar frukter. Dei fekk to born, ein gut og ei dotter. Sonen Henrik blei jurist, Bergen-busett, og arbeider i store tidsbolkar i Brussel ved Euro-senteret, medan dottera Gry Matilde tok ein kommersiell utdanningsveg og flytta frå Oslo til Kristiansand S. I desse dagar går veners tankar ikkje minst til dei etterlatne, og ein fastslår at saknet etter Trygve Lande ikkje blir lett å stetta, heller ikkje det litterære tomrommet han lét etter seg.

Henrik Emhjellen
Cand. philol.

GRATULERER



I ÅR

Emil Gjersvold Lunde - 16. april
Sjarmøren vår på Kattlandshaugen feirar bursdag for fyrste gong.

Bestemor og Besten i Vassneset gratulerar



4 ÅR

Signe Vaage Eikeland

Store, vesle Signe på Voss fyller 4 år 15. april.

Bestefar, mormor, onkel Øystein og tante Camilla gratulerer godjenta så mykje med dagen. Glad i deg!



8 ÅR

Herman Lunde Klemmetsby - 12. april

Denne blide guten i Londahagen har bursdag i dag.

Bestemor og Besten gratulerar og prøver å koma på ein presang



10 ÅR

Anna G. Birkeland

Vår kjære og gode Anna fyller 10 år søndag 15. april. Vi gratulerer så mye med dagen!

Klemmer fra hele familien på Tysnes, Stord og i Oslo



90 ÅR

Otto Rosvold - 12. april

I dag er det bursdag i kose- lig lag. For Otto, han feira sin 90 årsdag. Heilt utrolig, men likevel sant at du i dag er 90 årsjubilant. Stram og stilig fremdeles du er, og me ynskjer deg alle masse lukka te. Dagen blir feira med familien.

Helsing frå konemor, barn, barnebarn, svigerbarn og oldebarn

PREIKELISTA

15.04 Tysnes kyrkje kl. 11.00. Samtalegudsteneste v/Espedalen. Offer: Barnas senter Tocantins

22.04 Uggdal kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste v/Espedalen. Offer: Trusopplæringa i Tysnes

29.04 Onarheim kyrkje kl. 10.30. Konfirmasjonsgudsteneste v/Espedalen. Offer: Konfirmant-/ungdomsarbeidet

Uggdal kyrkje kl. 12.30. Konfirmasjonsgudsteneste v/Espedalen. Offer: Konfirmant-/ungdomsarbeidet

SØNDAGSORDET



Eg er!...

JOH. 10,1-10

AV JØRGEN KNUDSEN

EG ER... me høyrer ekko frå tornebusken, når Moses spurte den Vår Herre om namnet hans.

Eg er berre meg eg. Ein kropp som strever med kvardagen frå A - Å. Ei sjel som tørster, eller hungrar etter noko som verkeleg monner. Eit sinn som søker meining og veg. Eg er nokre tankar i stummande mørke, som søker ljøs.

Eg er ein kropp som skranglar seg gjennom livets gang, full av naturens nedbrytande krefter. Så lite haldbar, så endeleg. Eg er ei sjel, til tider full av svik og tvil. Eg er eit sinn til tider lykkeleg, til tider sår og knust. Eg er - berre meg!

Men han - han som Johannes kjenner og skriv om: Han ER. Han er - uendeleg - og mykje meir.

Han er - porten. Porten ut av.. - og porten inn til... - Eller som me høyrer i den heilage dåpen: «Din utgang og din inngang. - frå nå og til evig tid.»

Han er - livsens brød, - full av næring og liv. Brødet vert brote, han gjev seg til oss, til noko som verkeleg monner, til liv og overflod.

Han er - ljuset, - ljuset for verda, som skin der mørket rådde. Ljuset som sprengjer seg inn i tankar og sinn. Som lyser opp og syner oss vegen... Vegen til sanninga og livet.

Han er - sanninga - og livet - og vegen

Han er - treet, vintreet. Det eg får ete av, kvile i skuggen under, det treet eg og får vere ei grein på. Vintreet med alle greinene og frukta, som gjev oss ein smak av himmel og eit pant på den arva vi fekk..

Han er - hyrdingen. Når me ikkje veit ut eller inn av porten eller portane. Den gode hyrdingen! Han er - hyrdingen. Når me ikkje ser vegen, når me ikkje skjønner sanninga, når ljuset dimmest i mørkre. Då kallar han oss med namn og seier: «Du er min»... «Eg er komen for at de skal ha liv og overflod!»